



MS Sjøkurs og Hardangerfjordekspresen side om side forbi Skorpo

Fredag passerte den tidlegare hurtigruta Ragnvald Jarl, no MS Sjøkurs, Uskedalen som NRK-båt og søndag song dei som deltok i allsongen hjå Systrene Nilsen Johannes Kleppevik sin song Hurtigrutesongen. Den skreiv han nettopp til denne båten i 1992. Og MS Sjøkurs fortener verkeleg ein song på bakgrunn av si historie og som representant for alle hurtigrutene. Kleppevik seier det slik i fyrste verset::

Ut frå Bergen går turen

kveldssola smeltar i vest

første plassen er Florø

ruta langs kysten er best

Morgonstemning mot havet

Måløy kjem like før Stadt

hundre år langs kysten vår

Ja, hurtigruta går

som kystens mor frå sør til nord

kast loss med oss ombord

Båten sin 57 år lange historie skriv seg attende til 1956 då han vart overlevert til Det Nordenfjeldske som ein av 10 nybygg etter krigen.

Så gjekk Ragnvald Jarl i fast trafikk som hurtigrute heilt til i 1995.

Året etter endra skipet namn til

MS Gann og gjekk som skuleskip for Rogalands videregående sjøaspirantskole. I 2007 vart han kjøpt av Sørlandets Seilende Skoleskibs Institution og fekk det noverande namnet.

No er han skuleskip ved Sørlandets

maritime videregående skole i Kristiansand.

Tonnasjen er 2 196 bruttotonn og toppfart 17 knop.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen